

1998



1998

årsrapport

NRK

Norsk riksringkasting NRK årsberetning

...

1998

GUNNERUS
qT 14475



13.07.1998
H99061292



Universitetsbiblioteket i Trondheim

NRK

Innhald

Årsmeldinga frå styret 1998	1
Rekneskap 1998	
Resultatrekneskap	4
Balanse	5
Kontantstraumanalyse	6
Notar til rekneskapen	7
Revisjonsberetning	
Verksemda i 1998	
Programtilbodet i 1998	14
Samla sendetid i radio og fjernsyn	16
Fjernsynet	17
Nyheitsprogram og distriktsendingar	18
Radioen	20
Målform	21
Samiske sendingar	23
Døve og hørselshemma	24
Tekst-TV	25
Internett	25
Publikum sitt kanalval	26
Teknologiskiftet	27
Forretningsdrifta	29
Organisasjon	33
Leiinga	35
	37

Årsmeldinga frå styret 1998

Årsresultat

Dei samla inntektene til NRK utgjorde i 1998 2.863 millionar kroner. Kringkastingsavgifta representerte 2.607 millionar og auka med totalt 150 millionar frå 1997. Det svarar til ein inntektsvekst på 6 pst.

Avgifta for fjernsynsmottakarar auka med 35 kroner (2,3 pst.), frå 1.495 kroner i 1997 til 1.530 kroner i 1998. Auken svarte til utviklinga i konsumprisindeksen i den same perioden. Samtidig vart den gamle svart/kvittavgifta fjerna, slik at alle no betalar den same summen for å ha fjernsynsapparat.

Talet på lisensar auka med 49.500 frå 1997 til 1998 og var ved utgangen av 1998 1.719.500. Dette talet var i tråd med målsetjinga for året. I løpet av 1998 har det vore høg aktivitet, både med kontroll og kampanjar, for å sikre denne veksten.

Uteståande lisenskrav ved utgangen av 1998 var vel 264 millionar kroner. Det er ein auke på i overkant av 91 millionar kroner frå 1997. Dei viktigaste årsakene til auken er omlegginga av innkrevjinga og endringar av forfallstidspunkt. Tvangsinndriving av ikkje betalt kringkastingsavgift vart nærare fire månader forseinka i samband med overgangen til Statens innkrevjingssentral som

særnamsmann. Dette førte til at uteståande fordringar til tvangsinnkrevjing var vesentleg høgare 31.12.1998 enn ved førre årsskifte. I samband med innføringa av nytt datasystem fekk halvparten av lisensabonnentane endra forfallet av andre termin frå 1. september til 1. november. Det har også medverka til at det utestående lisenskravet var høgare ved slutten av året enn det tidlegare har vore. I 1999 vert det igjen to hovudforfall, 1. mars og 1. september. Det er difor venta at utestående lisensforfall ved neste årsskifte kjem til å verte monaleg lågare.

Sponsorinntektene utgjorde 26 millionar kroner og ligg innanfor ramma på 1 pst av dei totale inntektene til bedrifta. 98 pst av sponsorinntektene kom frå det private næringsslivet, medan 2 pst. kom frå det offentlege. Gjeldande regelverk krev ei fordeling av sponsorinntekter frå privat næringssliv og det offentlege med halvparten frå kvar. NRK har hatt ein dialog med departementet med omsyn til fordelinga mellom offentleg sponsoring og næringsslivs-sponsoring. Ei avklaring på dette punktet har enno ikkje kome. NRK sitt økonomiske sponsorbilete for 1998 viser kor vanskeleg det er å oppfylle krava til forholdstalet mellom den private og den offentlege delen av sponsormidlane.

Driftskostnadene var i 1998 2.925 millionar kroner, ein auke på 3,6 pst. Netto finansinntekter er reduserte frå 51 millionar kroner i 1997 til 42 millionar i 1998 som følgje av det låge rentenivået i byrjinga av året. Resultatet for 1998 viser eit underskot på 20 millionar kroner, ei overskridning på 20 millionar i høve til budsjettet. Det skuldast kostnader ved gjennomføringa av "Stillings-program 98", som i rekneskapen er kostnadsført med 19 millionar kroner. Samanlikna med resultatet for 1997 er resultatet for i år ei forbeting på 122 millionar. Resultatforbetringa skuldast i hovudsak at inntektene har auka meir enn kostnadene. Det har vore ei stram oppfølgjing mot budsjettet gjennom heile året og resultatet er i tråd med kravet frå styret.

Fjernsynet har tidlegare aktivert større eigenproduserte program som vert sende komande år eller seinare, medan dramaproduksjonar har vore kostnadsførte løpende. Frå og med 1998 er alle eigenproduserte program behandla likt og aktiverte for seinare kostnadsføring ved visning. Aktivering av dramaproduksjonar i 1998 reduserte driftskostnadene med omlag 32 millionar kroner. Ved ei samanlikning mellom resultata for 1997 og 1998 må ein difor vere merksam på at omlag 32 millionar kroner av forbetinga på 122 millionar skuldast denne rekneskaps tekniske forbetinga.

Det framlagde årsresultatet gir etter styret si mening ei rett framstilling av verksemda i 1998. Styret foreslår at underskotet for i år på 20 millionar kroner vert dekt frå den frie eigenkapitalen. NRK sin bokførte eigenkapital vert etter dette 1.455 millionar kroner.

Konsern

Årsresultatet for konsernet viser eit underskot på 20 millionar kroner. Konsernet omfattar NRK og det heileigde datterselskapet NRK Aktivum AS (NRK Aktivum). NRK Aktivum vart stifta 25.4.1997 og er organisert med eige styre og med NRK-styret som generalforsamling.

Formålet med å etablere NRK Aktivum er i første rekke kommersielt å utnytte NRK sine program og utvikle potensielle produkt som er relaterte til programverksemda. Det er eit grunnleggjande prinsipp for NRK og NRK Aktivum at midlar frå kringkastingsavgifta ikkje skal nyttast til å subsidiere kommersiell verksemd. Selskapa legg difor til grunn at alle transaksjonar mellom dei skal vere baserte på vanlege forretningsmessige vilkår og prinsipp i tråd med det som er fastsett i aksjelova.

Underskotet til konsernet kjem fram etter elimineringar av interne gevinst ved sal av produkt frå NRK til datterselskapet.

NRK Aktivum har sidan etableringa vore i ein oppstartsfase som har vore prega av manglande avklaring av dei eksterne rammevilkåra. Det har forseinka igangsetjinga av planlagde satsingar og ført til at selskapet ikkje har klart å oppfylle forventa resultat. Selskapet fekk ved utgangen av 1998 tilført ytterlegare 7 millionar kroner i eigenkapital.

Godtgjersle

Godtgjersle til styremedlemmene utgjorde 647.500 kroner. Løn og godtgjersle til administrerande direktør var 973.653 kroner. Den samla godtgjersla til revisor var 705.160 kroner fordelt på 637.110 kroner til revisjon og 68.050 kroner i konsulentonorar.

Personale

Ved utgangen av 1998 hadde NRK 3.373 tilsette omrekna til heile årsverk. NRK Aktivum hadde 16 fast tilsette. Selskapet arbeider kontinuerleg med å forbetre arbeidsmiljøet, auke motivasjonen og redusere sjukefråværet, for på den måten å leggje grunnlaget for ein

effektivitetsauke. Dette arbeidet har vore svært viktig i eit år med store organisasjonsendringar, som etableringa av NRK Ressursar og ein samla divisjon for distriktssendingar, nyheter og sport (NYDI).

Det vart vidare i 1998 gjennomført ei frivillig avgangsordning som byggjer på førtidspensjon og ei sluttvederlagsordning. Ordninga, som internt er omtalt som "Stillingsprogram 98", er avgrensa til kun å gjelde 1998, og er eit ledd i arbeidet med å redusere personalkostnadene. Totalt har 105 personar nytta avgangsordninga. Av dei har 66 slutta i 1998 og 39 sluttar i byrjinga av 1999.

Eigarskap

Alle aksjar i NRK er eigde av Staten. Generalforsamlinga er Kulturdepartementet ved Kulturministeren.

Verksemda til NRK forureinar ikkje det ytre miljøet.

Oslo, 20. april 1999

Kåre Willoch
Styreleiar

Vigdis Moe Skarstein
Nestleiar

Nils-Tore Andersen

Sigrid Straand

Lars Velsand

Geir Helliesen

Tove Bull

Per Ravnaas

Einar Førde
Administrerande direktør

Holger Gulbrandsen

Resultatregneskap 1998 (Tal i 1.000)

Konsern				NRK AS	
	1998	1997		1998	1997
	2 607 361	2 457 424		2 607 361	2 457 424
	269 538	178 380		255 944	172 730
	<u>2 876 899</u>	<u>2 635 804</u>		<u>2 863 305</u>	<u>2 630 154</u>
			DRIFTSINNTEKTER		
			Kringkastingsavgift	1 329 879	1 230 627
			Andre inntekter	301 954	210 164
			Totale driftsinntekter	297 886	297 194
				761 184	765 511
				197 065	174 329
				37 162	45 204
				<u>2 925 130</u>	<u>2 823 029</u>
			DRIFTSKOSTNADER		
			Løn, folketrygd og pensjonskostnader	(61 825)	(192 875)
			Honorarer og framandytingar	312 956	312 949
			Sendartekniske kostnader	297 886	297 194
			Andre driftskostnader	755 530	770 189
			Avskrivningar	197 178	174 377
			Tap på fordringar	37 618	45 318
			Totale driftskostnader	<u>2 938 618</u>	<u>2 833 095</u>
			Driftsresultat		
			(61 719)	(197 291)	(61 825) (192 875)
			FINANSIELLE INNTEKTER OG KOSTNADER		
			Finansinntekter	45 251	55 255
			Finanskostnader	3 191	3 837
			Netto finanspostar	<u>42 060</u>	<u>51 418</u>
			Resultat før ekstraordinære postar		
			(19 659)	(145 873)	(19 963) (141 658)
			Resultat før skatt		
			(19 659)	(145 873)	(19 963) (141 658)
			Årsresultat		
			(19 659)	(145 873)	(19 963) (141 658)
			DISPONERINGAR OG OVERFØRINGAR		
			Frå fri eigenkapital	(19 963)	(141 658)
			Sum disponeringar og overføringar	<u>(19 963)</u>	<u>(141 658)</u>

Balanse 31.12.98 (Tal i 1.000)

Konsern		NRK AS		
31.12.98	31.12.97	Notar	31.12.98	31.12.97
EIGEDOM				
Omløpsmidlar				
261 366	281 327	1	255 191	275 104
186 106	238 432	2	186 106	238 432
1 900	1 831		1 900	1 831
236 504	170 492	3	233 030	168 088
34 840	64 840	4	34 840	64 840
107 172	98 144	5	111 942	97 667
121 831	100 349	6	121 737	100 332
949 719	955 415		944 746	946 294
Anleggsmiddel				
207 842	208 601	7	207 542	208 301
0	0		4 200	10 000
61 680	30 132	8	61 680	31 442
193 880	228 720	4	193 880	228 720
14 730	15 835		14 730	15 835
54 139	81 638	9	54 139	81 638
485 885	433 356		485 679	433 100
451 241	476 245	9	451 241	476 245
87 269	87 269		87 269	87 269
1 556 666	1 561 796		1 560 360	1 572 550
2 506 385	2 517 211		2 505 106	2 518 844
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Kortsiktig gjeld				
78 679	116 255		77 844	115 704
235 399	227 666		233 794	227 172
521 620	478 701	10	519 081	477 217
835 698	822 622		830 719	820 093
219 486	223 728		219 274	223 675
219 486	223 728		219 274	223 675
Bunden eigenkapital				
1 000 000	1 000 000		1 000 000	1 000 000
200 000	200 000		200 000	200 000
1 200 000	1 200 000		1 200 000	1 200 000
251 201	270 861		255 113	275 076
251 201	270 861		255 113	275 076
1 451 201	1 470 861		1 455 113	1 475 076
2 506 385	2 517 211		2 505 106	2 518 844

Kontantstraumanalyse (Tal i 1.000)

Konsern		NRK AS	
1998	1997	1998	1997
Kontantstraumer frå operasjonelle aktivitetar:			
Resultat før skattekostnad			
(19 659)	(145 872)	(19 963)	(141 657)
(10 928)	(1 600)	(10 928)	(1 600)
0	450	12 800	0
197 178	174 377	197 065	174 329
(21 482)	(4 407)	(21 405)	(4 390)
(66 012)	(4 900)	(64 942)	(2 496)
13 076	67 910	10 626	65 381
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar			
(10 989)	(2 055)	(11 148)	(2 108)
32 047	32 955	28 110	32 122
113 231	116 858	120 215	119 581
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:			
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar:			
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel		11 157	1 901
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel		(197 370)	(158 806)
Innbetalingar ved sal av aksjar i andre føretak		759	0
Utbetalingar ved kjøp av aksjar i andre føretak		(7 000)	(10 012)
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar:		(192 454)	(166 917)
Netto endringar i kontantar og kontantekvivalentar			
(72 287)	(41 113)	(72 239)	(47 336)
519 759	560 872	513 536	560 872
447 472	519 759	441 297	513 536

Tilleggsopplysningar:

Kontantar og kontantekvivalentar består av kasse, bank og kortsiktige plasseringar.

Skattetrekkskonto utgjer kr. 67,8 mill.

NRK har ingen kontantstraumar knytte til finansering av eiga verksemد.

Notar til rekneskapen 1998

Generelt

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultatet og den samla finansielle stillinga for NRK AS og det heileigde datterselskapet NRK Aktivium AS. NRK Aktivium AS vart stifta 25. april 1997.

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med vurderingsreglane i aksjelova, og utarbeidd i samsvar med norske rekneskapsstandardar og tilrådingar til god rekneskapsskikk.

Omløpsmidlar omfattar fordringar og behaldningar som inngår i den løpende drifta og som ein ventar skal forfalle/verte brukte innan eitt år. Omløpsmidlane er bokførte til den lågaste av innkjøpskosten og den verkelege verdien.

Ved innkjøp av filmar og seriar er hovudregelen at dei vert aktiverte ved kjøp og kostnadsførte når dei vert viste. Kostnader knytte til eigenproduserte program vert no også aktiverte, på linje med større forskotsbetalte framandproduksjonar som har sendeflate komande år eller seinare. Dette er endra i 1998 og gjeld no alle eigenproduserte program i motsetning til tidlegare då berre større eigenproduserte program vart balanseførte.

Eignelutar som er av varig verdi vert klassifiserte som anleggsmiddel. Eit driftsmiddel vert aktivert for avskriving dersom det vert rekna å ha ei levetid på over 3 år og har ein kost pris på over 200.000 kroner. Også mindre innkjøp vert aktiverte når dei inngår i eit større prosjekt med samla kost pris på over kr. 200.000.

“Anlegg under utføring” omfattar prosjekt som ikkje er avslutta pr. 31.12.1998. Investeringsprosjekt vert overførte til ferdige anlegg som kan avskrivast når anlegget m.m. vert teke i bruk.

Note 1 - Kasse, bank, postgiro

Av den likvide behaldninga på kr. 255,2 mill. er 67,8 mill. skattetrekksmidlar frå dei tilsette som er plasserte på eigen konto. Av konsernet si likvide behaldning på 261,3 mill. er 68,4 mill. sperra på konto for skattetrekk.

Note 2 - Kortsiktige plasseringar

Ved utgangen av året hadde NRK AS kr. 186,1 mill. plassert i sertifikat og særinnskot inkl. oppsamla renter. Sertifikat er bokførte til den lågaste av innkjøpskosten og den verkelege verdien.

Fordelinga på dei ulike typane plasseringar er slik: (Beløp i heile 1.000)

	1998	1997
Obligasjonar	0	77.844
Sertifikat	156.106	160.587
Særinnskott	30.000	0
Sum	186.106	238.431

Note 3 - Kundefordringar

Kundefordringane på kr. 233 mill. er slik fordelt: (Beløp i heile 1.000)

	Morselskap		Konsern	
	1998	1997	1998	1997
Uteståande lisenskrav	264.063	173.436	264.063	173.436
Avsette tap på krav lisens	-60.000	-43.500	-60.000	-43.500
Øvrige kundefordringar	29.967	39.152	33.860	41.556
Avsette tap øvrige kundefordringar	-1.000	-1.000	-1.419	-1.000
Sum kundefordringar	233.030	168.088	236.504	170.492

Dei kostnadsførte “Tap på fordringar”, kr. 37,2 mill., er fordelt på kr. 36 mill. på lisenskrav og kr. 1,2 mill. på andre kundefordringar. Fordi avsetjingane i 1998 auka i høve til fjoråret, er det realiserte tapet totalt kr. 20,3 mill.

Note 4 - Fordring på Norkring AS

I samband med etableringa av Norkring AS i 1986 vart det inngått ein avtale om lån til selskapet med avdragstid på 10 år. Restsaldo pr. 31.12.1998 er kr. 228,7 mill. Lånet skal forrentast med 7 pst. p.a., men slik at renta er regulerbar i intervallet +/- 3 prosentpoeng, avhengig av låntakaren sin eigenkapitalrentabilitet. I 1998 gav lånet ei avkastning på 7 pst.

Note 5 - Andre fordringar

Andre fordringar består av forskotsbetalte kostnader og opprente inntekter. Under denne posten er det mellom anna ført opp forskotsbetalte kostnader knytte til eigenproduserte program, som større idrettsarrangement og framandproduksjonar som har sendeflate komande år eller eventuelt seinare år. Frå og med 1998 er også eigenproduserte dramaproduksjonar behandla på denne måten. Døme på slike produksjonar er mellom anna dramaproduksjonane “Offshore 2” og “Sofies Verden”. Aktivering av dramaproduksjonar i Fjernsynet har gitt ein positiv resultateffekt på 32 mill. Totalt er det aktivert 69 mill. Av dette er kr. 38,7 mill. klassifiserte som kortsiktige under rekneskapslinja “Andre fordringar” saman med andre tidsavgrensingspostar. I tillegg er kr. 30,3 mill av forskotsbetalte kostnader knytte til produserte program som har sendetid over eit år fram i tid klassifiserte som langsiktige fordringar. Denne posten på kr. 30,3 mill. er ført opp som “Andre fordringar” under anleggsmiddel, saman med kr. 31,3 mill. som er knytte til den sikra pensjonsordninga i Gjensidige, jf. note 11.

Note 6 - Behaldningar

Posten “Behaldningar” på kr. 121,7 mill. er slik fordelt: (Beløp i heile 1.000)

	Morselskap		Konsern	
	1998	1997	1998	1997
Innkjøpte - ikkje viste filmar	107.954	86.004	107.954	86.004
Teknisk materiell	13.783	14.328	13.877	14.345
Sum	121.737	100.332	121.831	100.349

Verdien av “Innkjøpte, ikkje viste filmar” og “Teknisk materiell” er bokført til innkjøpskost. Når verdien vart fastsett, vart det teke omsyn til ukurans.

Note 7 - Langsiktige plasseringar

NRK sine langsiktige plasseringar består av aksjar, lutar og obligasjonar. Posten på kr. 207 mill. er slik fordelt:

		1998	1997
	Antall	Pålydande (heile 1.000)	(heile 1.000)
Aksjar			
Norsk Telegrambyrå	2690	1.050	2.825
Marienlyst Garasjer	17	160	3
Nettnytt AS	200	100	20
Norkring AS	2016	1.000	201.600
Lutar			
Sameiget Stort. Bodø	38	2.293	2.293
Div. lutar i bustadbyggelag		611	612
Div. mindre lutar i kraftlag		20	28
Obligasjonar			
De Norske Bykredittforeninger		0	620
Marienlyst Garasjer		170	299
Sum NRK		<u>207.542</u>	<u>208.301</u>
I tillegg eig datterselskapet nokre mindre aksjepostar		300	300
Sum konsern		<u>207.842</u>	<u>208.601</u>

Note 8 - Aksjar i datterselskap

Aksjar i datterselskap er aksjar i det heileide datterselskapet NRK Aktivum AS. Selskapet vart ved stiftinga i 1997 kapitalisert med 10 mill. kroner i eigenkapital. I 1998 er det skote inn ytterlegare 7 mill. i kapital i selskapet for å dekkje underskotet for året. Aksjeposten er i rekneskapen oppført til ein verdi lik datterselskapet sin eigenkapital ved årsslutt. Aksjane består av 1.700 aksjar pålydande kr. 1.000.

Note 9 - Bygningar, inventar, utstyr og transportmiddel

Avskrivningstakta på tidlegare innkjøp innanfor gruppa "Programteknisk inventar og teknisk utstyr" har i ettertid vist seg å vere for høg ut frå ei vurdering av levetida til ustyr. Avskrivningstakta er difor endra. Effekten av dette er at avskrivningane for 1998 er reduserte med ca. kr. 7 mill.

Tabellen nedafor viser tilgang/investeringar i dei ulike gruppene av bygningar, inventar, utstyr og transportmiddel: (Beløp i heile 1.000.)

	Morselskap	Dotterselskap	Konsern
	Inventar, utstyr	Inventar, utstyr	
	transp. middel	transp. middel	
Innnkjøpskost 1.1.98	Bygningar	1.022.816	2.703.258
Tilgang 1998		10.911	213.895
Avgang 1998		0	6.915
Akkumulerte avskrivningar 1.1.98	546.572	1.240.290	1.786.909
Årets ordinære avskrivningar	35.914	161.151	113
Bokført verdi 31.12.98	<u>451.241</u>	<u>485.678</u>	<u>937.125</u>

Anleggsmiddel vert avskrivne lineært etter denne tabellen:

Bygningar:	
Eigne driftsanlegg	5 %
Brakker	20 %
Eigne bustadeigedomar	0 %

Inventar, utstyr og transportmiddel

Innreiing og leide driftsbygningar	10 %
Forvaltinga inventar og teknisk utstyr	20 %
Programteknisk inventar og teknisk utstyr	30 %
Programteknisk inventar og teknisk utstyr	17 %
Programteknisk inventar og teknisk utstyr	14 %
Spesialinnreidde køyrety	20 %
Transportmiddel	20 %

"Anlegg under utføring" er prosjekt som ikkje var avslutta ved årsslutt. Desse representerte ved utgangen av 1998 ein verdi på kr. 54,1 mill.

Note 10 - Anna kortsiktig gjeld

Posten "Anna kortsiktig gjeld" er slik fordelt: (Beløp i heile 1.000).

	Morselskap		Konsern	
	1998	1997	1998	1997
Forskotsbetalt kringkastingsavgift	432.243	412.785	432.243	412.785
Tillagde kostnader	47.688	28.255	47.688	28.255
Anna kortsiktig gjeld	39.150	36.177	41.689	36.661
Sum	519.081	477.217	521.620	478.701

Note 11 - Pensjonsforpliktingar

NRK AS har kollektiv pensjonsforsikring for dei tilsette i konsernet i forsikringsselskapet Gjensidige (sikra ordning). Pensjonsordninga omfattar 3.524 tilsette og 214 pensjonistar pr. 31.12.1998.

Pensjonsordninga er rekneskapsmessig behandla som ein yttingsplan, slik denne er definert i "Foreløpig norsk regnskapsstandard om pensjonskostnader". Ifølgje denne rekneskapsstandarden skal selskapet si pensjonsordning behandlast som ein yttingsplan. Når pensjonsmidla vert verdsett, vert det nytta estimert verdi ved rekneskapsavslutninga. Denne estimerte verdien vert kvart år korrigert i samsvar med oppgåve frå livsforsikringsselskapet over flytteverdien til pensjonsmidla.

Ved måling av oppsamla pensjonsforpliktingar vert det nytta estimert forplikting ved rekneskapsavslutninga. Den estimerte forpliktinga vert kvart år korrigert i samsvar med oppgåve frå livsforsikringsselskapet over oppsamla pensjonsforplikting. Aktuarmessige berekningar vert gjorde kvart år av livsforsikringsselskapet, basert på informasjon frå NRK AS.

Ved berekningane er følgjande føresetnader lagde til grunn:

Diskonteringsrente	7,00%
Forventa avkastning	7,00%
Lønnsauke	3,30%
G-regulering	3,30%
Regulering av løpende pensjon	3,30%
Arbeidsgjevaravgift	13,10%

Den sikra ordninga er overfinansiert med kr. 31,3 mill. pr. 31.12.1998 og er rekneskapsmessig behandla som forskotsbetalte kostnader. Denne posten er i balansen oppført som "Andre fordringar" under anleggsmiddel.

I tillegg til den sikra ordninga er NRK AS sjølv ansvarleg for forpliktingar knytte til pensjonering av tilsette før fylte 67 år (usikra ordning). Frå 1.1.1998 er NRK medlem av NAVO si AFP-ordning. Gamal førtidspensjonering vert for NRK-tilsette erstatta med ei ny AFP-ordning pluss gåvepensjon frå 64 år for enkelte grupper av medarbeidarar. Samla pensjonsforplikting i den usikra ordninga er oppført med kr. 219 mill. i balansen. Ordninga omfattar 3.524 tilsette og 46 pensjonistar.

Pensjonskostnaden for 1998: (Beløp i heile 1.000)

	Sikra ordning 1998	Usikra ordning 1998	Sikra ordning 1997	Usikra ordning 1997
Pensjonsopptening	56.123	47.065	22.033	42.224
Rentekostnad	24.569	18.476	8.790	8.843
Avkastning på pensjonsmidlar	-26.589	-20.889		
Planendring/gevinst og tap	1.393	4.061	-2.821	-56.561
Netto pensjonskostnad	55.496	48.713	28.002	-5.494

Pensjonsforplikting og pensjonsmidlar: (Beløp i heile 1.000)

	Sikra ordning 1998	Usikra ordning 1998	Sikra ordning 1997	Usikra ordning 1997
Estimert verdi av pensjonsforplikting	-429.606	-328.034	-194.481	-174.075
Estimert verdi av pensjonsmidlar	435.097	345.567		
Effekt av arbeidsgjevaravgift	3.625	2.844	-24.793	-23.345
Utsett forplikting	22.182	4.175		-26.255
Sum netto fordring/-forplikting	31.298	24.551	-219.274	-223.675

Note 12 - Valutaterminkontraktar

Det er inngått valutaterminkontraktar for å avgrense valutarisiko ved framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta.

Pr. 31.12.1998 var det inngått avtalar i følgjande valutaer med oppgitt beløp:

USD	3.985.774
GBP	225.000
ATS	780.945
CHF	120.000

Note 13 - Andre forpliktingar

NRK AS har inngått leasingavtalar i samband med at ein har nyskaffa transportmiddel, kopi/kontormaskiner og bygg. Tabellen nedanfor viser avtaleperiode, årleg leige og leidgetid som står att for dei ulike investeringsgruppene: (Beløp i heile 1.000)

	Avtaleperiode	Årleg leige 1998	Attståande leigeperiode
Transportmiddel	1-5 år	2.164	1-5 år
Inventar og programteknisk utstyr	1-7 år	1.508	1-7 år
Fast eigedom/bygning	25 år	404	24 år
Sum årleg leasingleige		4.076	

I tillegg er det inngått leigekontraktar for bygningar og bustader med årleg leige på 17,2 mill. kroner for 1998 og 19,1 mill. kroner for 1998.

Revisjonsberetning for 1998

Til Generalforsamlinga i Norsk rikskringkasting AS

Revisjonsmelding for 1998

Vi har revidert årsoppgjeret for Norsk rikskringkasting AS for 1998 som viser eit årsunderskot på kr 19 963 000 for morselskapet og eit årsunderskot på kr 19 659 000 for konsernet. Årsoppgjeret, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap, balanse, kontantstraumanalyse, notar og konsernoppgjer er lagt fram av selskapet sitt styre og administrerande direktør.

Vår oppgåve er å granske årsoppgjeret, rekneskapen og handsaming av andre saker i selskapet.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingar som vi har funne nødvendige for å stadfeste at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. Vi har kontrollert utvalde delar av det materialet som ligg til grunn for rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, leiinga sine skjønnnsavgjelder og innhaldet og presentasjonen av årsoppgjeret. I den grad det fylgjer av god revisjonsskikk har vi gått gjennom formueforvaltninga og den interne kontrollen i selskapet.

Styret sitt forslag om dekning av årsunderskotet frå fri eigenkapital fyller krava som akjelova stiller.

Etter vår mening er årsoppgjeret gjort opp i samsvar med reglane i aksjelova og gir eit forsvarleg uttrykk for selskapet og konsernet si økonomiske stilling den 31. desember 1998 og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk.

Oslo, 27. april 1999

PricewaterhouseCoopers DA



Ole Henrik Løland
Statsautorisert revisor

Verksemda i 1998

Dei strukturelle endringane i den nasjonale og internasjonale mediemarknaden vart forsterka i 1998. Parallelt med den digitale utviklinga heldt trenden fram mot større eigarkonsentrasjon av program- og senderettar hos dei økonomisk sterke aktørane. Dessutan auka omfanget av oppkjøp og kontroll av heile verdikjeden, det vart inngått nye og mektige alliansar på produksjonssida, og teleselskapa sin innmarsj på innhaldssida vart stadig tydelegare.

Konkuranseregler og lisensfinansiering
Konsekvensen av at radio- og fjernsynsverksemda i aukande grad har vorte eit kommersielt vekstområde, var at EU i 1998 for alvor starta debatten om korleis unionen sine konkuranseregler skal nyttast i forhold til radio- og fjernsynsselskap. Sentralt i denne debatten står spørsmålet om kva former for statleg finansiering av offentleg eigde radio- og fjernsynsselskap som kan tillatast, og kva programkategoriar som skal kunne kallast allmennkringkasting. I England skal ein kommisjon sjå på ulike sider ved lisensordninga og avgj rapport i løpet av første halvår 1999.

Konkurranseområdet vert utvida
På programsida var det i byrjinga av 1998 teikn til konkurransen på heilt nye felt. Tidlegare har konkurransen med dei kommersielle selskapa vore hardast på underhaldnings- og sportsområdet. I 1998 kom konkurransen også innanfor heilt sentrale allmennkringkastar-oppgåver, nemleg barne- og undervisningsprogram. Kostnadene til kjøp av senderettar og kvalitetsprogram er aukande, og omfattar fleire

og fleire programkategoriar. NRK var difor positiv til forslaget til endringar i lov om kringkasting som kom etter at EU sitt fjernsynsdirektiv vart endra. EU-direktivet vart endra slik at landsdekkjande fjernsynskanalar skal sikrast retten til å sende hendingar som har vesentleg samfunnsmessig interesse. Dette vil styrke situasjonen for allmennkringkastarane. NRK var derimot kritisk til forslaget om at definisjonen av reklame skulle endrast, fordi det vil kunne hindre NRK i å informere om pedagogiske hjelpemiddel og lærebøker.

Økonomiske ressursar og rammevilkår
Ingen av dei viktige spørsmåla som vedkjem NRK sine strategiske og økonomiske utfordringar vart politisk avklara i 1998. Manglande politiske vedtak om finansieringa av digitale bakkenett for radio og fjernsyn, og om rammevilkåra for NRK si kommersielle verksem, gjer det vanskelegare for NRK å posisjonere seg og å vere ein seriøs samarbeidspartner for viktige kommersielle aktørar.

Gjennom ei stram ressursstyring og ein omfattande innsats for å auke lisensinntektene vart underskotet i årsresultatet redusert frå 142 mill. kroner i 1997 til 20 mill. kroner i 1998. Lisenskampanjar og utvida kontrollverksemda gav 50.000 nye lisensar og fekk tjuvsjårdelen ned til 9,8 pst. ved slutten av året. Erfaringar frå andre land tilseier at ein ytterlegare reduksjon av tjuvsjåing gjennom kontroll- og kampanjetiltak er marginal, dersom ein ikkje får tilgang til eksterne register.

NRK har det siste tiåret kontinuerleg tilpassa og justert arbeidsområda og organisasjonen for å styrke posisjonen som programprodusent og kringkastar. Bedifta har i 1998 vore gjennom ein djuptgripande omstettingsprosess for å førebu innføringa av utvida økonomisystem og internhandel frå 1.1.1999. Målet er å oppnå ytterlegare kostnadseffektivisering og optimal ressursbruk.

Eigenkapitalen til allmennkringkastarane ligg først og fremst i produksjonskapasiteten og i arkiva. Det er viktig for NRK å få økonomisk drahjelp til digital distribusjon og teknologisk utvikling. NRK har difor forhandla fram ein avtale med Canal Digital om digitalt fjernsyn og innleia eit nordisk samarbeid med dei andre allmennkringkastarane, teleselskapa og med viktige kommersielle aktørar. Målet med dette Nordig-samarbeidet er å kome fram til ein

felles teknisk standard for dekodarboksen for digital-tv.

Utvikling av allmennkringkasting

Det har vakse fram eit nordisk samarbeid for utvikling av allmennkringkasting. Målet er å utnytte den samla styrken ved samarbeid, og å konkurrere med dei store globale aktørane. Det er mellom anna inngått ein avtale om å opprette eit produksjonsselskap for barneprogram, Normagi, der Danmarks Radio, Sveriges Television og NRK skal stå som eigarar. Normagi skal ta i bruk eit felles produksjonsapparat for å skape eit nordisk kvalitetstilbod for barn.

Undervisning er i ferd med å vekse fram som eit viktig programområde for kringkasting. Ikke minst viser multinasjonale aktørar stor interesse. NRK utarbeidde i 1998 ein plan for ein eigen digital utdanningskanal som ein del av allmennkringkastartilbodet. Skal planen kunne setjast ut i livet, må det skje i samarbeid med dei sentrale undervisningsmiljøa og med offentleg grunnfinansiering.

Programtilbodet i 1998

NRK heldt i 1998 fast på posisjonen som den leiande produsenten og kringkastaren av radio- og fjernsynsprogram i Noreg, både når det gjaldt sendetid, mangfold i program og publikumsoppslutning.

Det vart lagt stor vekt på å utvikle og forbetre programtilbodet nasjonalt og regionalt, trass i at driftsåret 1998 hadde ein svært stram økonomi. Det vart kontinuerleg arbeidd for å kombinere den tradisjonelle allmennkringkastarprofilen med ei programsetting i hovudkanalane i radio og fjernsyn som var rett i høve til publikum og konkurrentar. Samtidig vart det sett inn ressursar for å styrke tilboden til grupper med spesielle behov og det vart satsa på å utvikle nisje- og fordjupingstilbod.

Med det breie programtilbodet gav NRK i 1998 sjårarar og lyttarar høve til å velje mellom eit mangfold av ulike programtypar gjennom heile døgnet. NRK la gjennom store

variasjonar i formspråket og ved motprogrammering stor vekt på at publikum skulle oppleve at dei hadde eit reelt høve til å velje mellom ulike program.

Programstatistikken for 1998 viser at NRK hadde stort mangfold i programtilbodet, og at tilboden var breitt, både innan den enkelte kanalen og for alle kanalane sett under eitt. Sjåar- og lyttarstatistikken viste at NRK i 1998 framleis var det klare førstevalet for publikum som nyhets- og informasjonskanal.

På dei neste sidene vert det kort gjort greie for sendetid og programprofil i NRK, samt for korleis publikum brukar og vurderer tilboden i radio og fjernsyn. Meir detaljerte opplysningar finnест i NRK sin allmennkringkastarrekneskap for 1998 og på internettadressen <http://www.nrk.no/info>.

18

NRK fekk i 1998 desse prisane

For radioprogram:

Prix Italia

Prix Europa

For fjernsynsprogram:

Royal Television Society Reward

Gullruten

Sten Sture prisen

Abe prisen

Estoril-prisen

For samiske program

Tre priser i BarentsTV-festivalen

For programtilbodet i P2

Folkeopplysningsprisen 98

Fire medarbeidarar fekk særskilt heider

Den store journalistprisen gjekk til Anne Grosvold.

Veslemøy Kjendsli fekk SKUP-diplom.

Sissel Lund fekk Mediaforums heiderspris.

Ingvild Bryn fekk Kringkastingsprisen.

På internett

I Multimediaforum sin intenettkavalkade vann NRK saman med Scandinavian on-line klassa «Pedagogiske program» med valveven om stortingsvalet 1997.

NRK si samla sendetid i radio og fjernsyn


Kanaltilbodet i 1998

Fjernsynssendingane frå NRK omfatta 8.673 timer i to riksdekkjande fjernsynskanalar, ni regionale fjernsynssendingar og ein ny satellittdistribuert kanal, NRK International, som er retta mot nordmenn busette i utlandet. Radiotilboden bestod av 66.103 timer i tre rikskanalar, to kanalar retta mot utlandet, to digitale prøvekanalar, samiske sendingar og 17 distriktssendingar. Til saman utgjorde dette 74.776 sendetimer.

Fjernsynet

Samla sendetida i dei to rikskanalane i Fjernsynet auka med 500 timer til 6.242 timer. Det er ein auke på 9 pst. Eigenproduksjonen var på 53 pst., to prosentpoeng meir enn i 1997. Distriktskontora sin programproduksjon til riksfernsynet gjekk noko ned, medan det var ein kraftig vekst i det regionale fjernsynstilboden, der sendetida auka med 32 pst. til 801 timer.

NRK kjøpte og sende også program frå ulike produksjonsmiljø i Noreg. I 1998 stod norske uavhengige produsentar for 10 pst. av dei innkjøpte programma. Talet omfattar både ferdigproduserte program, bestilte program og samproduksjonar. Av dei innkjøpte programma kom 23 pst. frå andre europeiske land.



Sendetid NRK Fjernsynet. I tillegg sende NRK International 1 630 timer


Nordvisjons- og Eurovisjonssamarbeidet utvikla seg kraftig i 1998. Dramaavdelinga sende 69 timer samproduksjonar, mot 37 timer i 1997. Faktaavdelinga auka inntaket av dokumentarprogram frå Nordvisjonen frå 64 timer i 1997 til 145 timer i 1998. Samtidig meir enn dobla Faktaavdelinga talet på samproduksjonar, til 34 produksjonar.

Radioen

Sendetida i dei tre rikskanalane og 17 distriktssendingane var på same nivå som året før, 22.728 timer riksradio og 22.797 timer distriktsradio. Distriktskontora produserte 656 timer til rikssendingane i radio. Sámi Radio sende 1.543 timer.

De to digitale kanalane NRK Alltid Klassisk og NRK Alltid Nyheter sende til saman 14.235 timer. Alltid Klassisk vart også kringkasta via FM-nettet i Oslo og Bergen, medan Alltid Nyheter vart FM-sendt i sju byar.

Radioen sitt tilbod til utlandet bestod av Utanlandssendinga på kortbølgje og internett, og Europakanalen, som var sett saman av program frå P1, P2, Petre og Utanlandssendinga. Denne kanalen kunne takast inn over store delar av Europa, både over mellombølgje og via satellitt.



Sendetid NRK radio. I tillegg sende Europa-kanalen 8 760 timer.

19

Fjernsynet

Programprofilen

I 1998 heldt NRK1 på posisjonen som den største tv-kanalen i landet. Kanalen har halde på den tradisjonelle allmennkringkastarprofilen. Han står særleg sterkt i helgane, og har også halde på stillinga som den største kanalen i prime-time på kvardagar. Programprofilen i NRK1 og NRK2 endra seg ikkje vesentleg frå 1997. Auken i sendetid fordelte seg på dei ulike programprofilane i omlag det same forholdet som året før. Berre sportsprogramma hadde ei vesentleg auke i sin del av sendetida, det skuldast OL i Nagano og Fotball-VM i Frankrike. Sportssendingane passerte likevel ikkje 13 pst. av den samla sendetida.

Den største auken i sendetimar hadde barne- og ungdomsprogram med 71 timer til 1.154 timer og informasjons- og faktaprogram med 74 timer til 1.090 timer. Desse programkategoriene var også størst når det gjaldt prosentdelen av samla sendetid. 18 pst. av det Fjernsynet sende var program for barn og ungdom, medan 17 pst. var informasjons- og faktaprogram. Drama hadde 16 pst., medan underhaldningsprogram berre utgjorde 5 pst.

NRK Fjernsynet gjennomførte fleire store prestisjetunge produksjonar i 1998. Spesielt to dramaproduksjonar må nemnast: "Sofies verden" etter Jostein Gaarder si bok og "Ole Aleksander Filibom-bom-bom" etter Anne-Cath. Vestly sine forteljingar. Begge vart produserte både som spelefilm og tv-serie.


Spelmannsprisen, Melodi Grand Prix og Innsamlingsaksjonen var arrangement der NRK demonstrerte evna til å samle folket framfor fjernsynsskjermene. I 1998 gjekk Innsamlingsaksjonen til Flyktningerådet, med eit innsamlingsresultat på nærmere 123 millionar kroner pr. 31.12.1998. Det vart gitt nye retningslinjer for Innsamlingsaksjonen. Dei gir organisasjonane strengare krav, både til årleg revidering av rekneskapen og til korleis dei innsamla pengane vert disponerte. Innsamlingsmidla skal setjast på ein eigen konto og brukast innan tre år.

Nytt av året var nyheitssendingar for innvandrarar ein gong i veka. Migranytt var eit tilbod på bosnisk/kroatisk/serbisk, vietnamesisk, somali og urdi. Sendingane spegla det vanlege nyheitsbiletet. Migranytt kjem i tillegg


til det aktuelle fleirkulturelle programmet Migrapolis, der målet er å lage møte mellom kulturar i Noreg. Migrapolis skal dessutan utfylle mediebiletet i Noreg, der innvandrarar ofte vert omtala i samband med vald, kriminalitet og andre samfunnsproblem. Både Migranytt og Migrapolis hadde godt gjennomslag i dei framandspråklege miljøa.

NRK2 er framleis ein liten kanal med stort potensial for forbeteringar i sjåaroppslutning. I

1998 kunne NRK2 notere seg for ein viss framgang. Kanalen la vekt på og fekk også ros for eit godt film- og kulturtildob som er med på å halde ein høg kvalitetsprofil. Med programmet "Hovedscenen" på laurdagskveldane, gav NRK2 eit kulturelt alternativ til den breie, allmenne underhaldninga i NRK1. "Hovedscenen" inneholdt både opera, musikkspel, teater og ballett.



Programprofil NRK1



Programprofil NRK2

Nyheitsprogram og distriktssendingar

Nyheitsprogramma i NRK heldt fast på den dominerande posisjonen som nordmenn si viktigaste nyhetskjelde. 830.000 sjårar følgde i gjennomsnitt Dagsrevyen kvar dag. I løpet av eit døgn akkumulerte nyheitssendingane i Fjernsynet 1,8 millionar sjårar, ein auke på 200.000 frå 1997.

Dagsnyttsendinga kl. 07.00 i P1, P2 og Petre samla kvar dag i gjennomsnitt 591.000 lyttarar. Nyitetene i distriktssendingane i radio samla rundt 400.000.

Kvar dag leverte NRK sine bimediale distrikts- og nyhetsredaksjonar omlag 100 timer nyhets-, debatt-, reportasje- og sportsprogram i radio og 10 timer i fjernsyn på riks- og distriktsnivå. Frå distriktskontora vart det i løpet av året levert 5.483 nyhets- og sportsinnslag til riksradioen og 3.938 til riks-fjernsynet.


Korrespondentnettet er ein viktig stolpe i nyhetsdekninga i NRK. Det er

korrespondentar på alle kontinent, bortsett frå Australia og Sør-Amerika. Korrespondentane leverte 1.363 innslag til Fjernsynet og 7.121 til Radioen.


Forhandlingane mellom NRK og TV 2 om samarbeid og fordeling av senderettar for sport nådde heller ikkje i 1998 så langt som ein kunne ønskje. For NRK vil det likevel alltid vere viktig at NRK1 som ein 100-prosentkanal gir eit så breitt og fulldekkjande sportstilbod som mogleg.

NRK vedtok i juni 1998 å starte eit nyhetsbasert morgenfjernsyn hausten 1999. Målet er ei tre timer lang sending som i stor grad skal basere seg på synergieffektar frå den nye bimediale organiseringa av distrikts- og nyhetsarbeidet.

Styret i NRK vedtok i desember å utsetje å opprette eigne distriktsfjernsynssendingar for Østfold og Nordland.



Dagleg lytting på NRK Dagsnytt sine sendingar i 1998. Akkumulert lyttartal gjennom dagen.



Dagleg sjåing på nyheitssendingane i NRK Fjernsynet i 1998. Akkumulert til 1,8 mill. sjårar.


Radioen

Programprofilen

Hausten 1998 kunne NRK feire 5-årsjubileum for trekanalsystemet. Fordelinga av programtilbodet på tre klart profilerte kanalar har vist seg levedyktig og i 1998 kunne ein konstatere at oppslutninga om NRK Radio var svært god.

Programprofilen til Radioen er svært stabil frå år til år. I 1998 skjedde det nokre endringar i Petre på dagtid, og i P1 og Petre sin Nattradio. Elles ligg profilen fast. Musikktilbodet er ein vesentleg del av programprofilane i dei tre riksksanalane. Norske komponistar var ansvarlege for 23 pst. av all musikk som vart spelt, og 30 pst. av musikken hadde norsk utøvar.

For **P1 - Noregskanalen** er den største endringa at underhaldningsprogramma har auka sin del av sendetida frå 15 pst. i 1997 til 18 pst. i 1998. Musikkprogram utgjer 26 pst. av tilbodet og nyheter 15 pst. Totalt sende P1 49,6 pst. (3 681 timer) musikk på dagtid.




Programprofil for NRK radio, totalt 1998.

Nattilbodet er dreia mot å innehalde meir musikk. Auken i musikk frå 65 til 71 pst. er skjedd på kostnad av underhaldningsprogram, som har gått ned med 10 prosentpoeng til 15 pst.

P1 heldt på posisjonen som den største radio-kanalen her i landet, med ein markert norsk profil i musikktilbodet og med fem og ein halv time distriktssendingar på kvardagar. P1 gav også lyttarane høve til å delta i samfunnsdebatten gjennom programmet "Rett på" med to debattantar i studio. Fleire enn 450.000 lytta til innringarane sin diskusjon med debattantane. P1 er også NRK sin trafikkradio med oppdaterte meldingar. NRK sitt system for utsendingar av trafikkmeldingar på lokalt nivå har vakt internasjonal oppsikt.

Tilbodet frå **P2 - Kulturkanalen** var sentrert om fire pilarar: musikkprogram med 29 pst., nyheter med 19 pst., kultur med 14 pst. og



Programprofil P1 inkl. Nattradioen

samfunnsspørsmål med 13 pst. Totalt sende P2 44,6 pst. (3 887 timer) musikk på dagtid. Nattradioen i P2 hadde som året før 95 pst. seriøs musikk og 5 pst. nyheter.

P2 var framleis eineståande i sitt slag som kanalen for kunnskaps- og kulturformidling over eit breitt spekter med fordjuping og utfordring. P2 har i 1998 satsa særskilt på å bidra til å skape kunst og kultur, ikkje minst gjennom oppføringar av nye norske musikkverk og ny norsk dramatikk. P2 har dei siste åra henta heim fleire prestisjetunge internasjonale prisar enn nokon annan radiokanal i Europa, heile 14 i talet.

NRK har satsa mykje på å byggje opp og utvikle Kringkastingsorkesteret. Satsinga har gitt resultat, og Store Studio er no i ferd med å etablere seg som konsertsal med mellom 15 og 20 konserter for fulle hus kvar sesong.


Profilen til Petre er bygd opp rundt tilbodet til ungdom der musikkprogram utgjer 54 pst. og verbalprogram 33 pst. Totalt sende Petre 63,1 pst. (4 152 timer) musikk. Det er ei klar drei-

ing mot ein sterkare musikkprofil. Resten er fordelt på nyheitssendingar og program for barn.


Petre var den leiande ungdomskanalen også i 1998. Kanalen produserte musikkopptak i stort omfang, særskilt med norske grupper, og han legg stor vekt på å utvikle eit formspråk som gir programma betre høve til å nå ungdom.

Dette har gitt resultat på nyheitsfronten. Frå 1998 utvida Petre nyheitstilbodet for ungdom med Petre13. Petre13 og Petre16 presenterer dei viktigaste nyhetene frå inn- og utland i kjapt tempo, enkelt språk og med korte innslag. Det har ført til høgare oppslutning blant dei unge og eit lågare aldersgjennomsnitt enn dei ordinære nyheitssendingane i kanalen. Petre13 og Petre16 har vakt stor oppsikt blant dei nordiske søsterkanalane, og fleire av dei vil no kopiere det norske tilboden.

Petre gjennomførte også ein to veker lang antivaldkampanje med program i alle kanalar, både i radio og fjernsyn.



Programprofil P2 inkl. Nattradioen.




Programprofil Petre.

Målform


Det er små endringar i bruken av målform. Målet om 25 pst. nynorsk vart ikkje nådd.

For radioen er det ein liten nedgang i bruken av nynorsk tale. I Petre var det 23 pst. nynorsk (-1), P2 hadde 18 pst. (uendra) og P1 18 pst. (-3).

I Fjernsynet hadde NRK1 16 pst. nynorsk og NRK2 14 pst.



Fordeling av taletida 1998.



Nynorskprosentane i kanalane.

Samiske sendingar

NRK Sámi Radio har styrkt posisjonen i det samiske samfunnet og dei samiske sendingane har vorte ein viktig arena både for politisk meiningsutveksling og for den samepolitiske debatten. Samtidig har satsinga på lokalkontor i samiske område utanfor Finnmark ført til ei styrka nyheitsdekning. Nyheitsproduksjonen til regionalfjernsynssendinga Nordnytt har auka kraftig i 1998.

Dei samiske ungdomsprogramma "Kákáos tv-sovv" vart sende i NRK1 i januar/februar, og programma vart svært godt mottekne også av ikkje-samiske sjårarar over heile landet.

Satsinga på versjonering av barneprogram til samisk heldt fram, og for første gong vart den finske Mummi-produksjonen gjort tilgjengeleg for samiske barn på deira eige språk. Sámi Radio vil følgje opp dette med versjonering av ein ny serie Mummi-program.

I samarbeid med svensk same-tv vart det hausten 1998 produsert ein samisk dramaserie i seks delar med støtte frå Nordisk film- og tv-fond.

Samiske nyheiter i fjernsyn

Dei nordiske tv-sjefane vedtok i januar 1998 å starte planlegginga av daglege samiske nyheitssendingar i fjernsyn. Arbeidet stansa opp i Finland og Sverige fordi det ikkje vart løyvd EU-pengar til planarbeidet. Utpå hausten bestemte difor NRK seg for å starte planlegginga av eigne nyheitssendingar frå hausten 2000. Då viste det seg at både Finland og Sverige likevel var positive til å delta i den konkrete planlegginga av fellessendingar. Planane er baserte på sendestart i oktober 2000.

Døve og hørselshemma

Gjennom teksting i tekst-tv og gjennom open teksting av heile program, kunne døve og hørselshemma følgje med på store delar av NRK sitt tilbod i 1998. 48 pst. av sendingane i NRK1 og 49 pst. av NRK2-sendingane var teksta. Gjennom heile 1998 sende NRK "Nyheter på tegnspråk" kl. 17.55. I gjennomsnitt var det 75.000 sjårarar som følgde denne nyheitssendinga.


Hausten 1998 starta NRK forsøksprosjekt med simultantolking av direkte nyheitssendingar på teiknspråk. Det var berre døve og hørselshemma med parabolantenne og dekodar som kunne ta imot denne tolketenesta.

Tekst-TV

Tekst-tv er det mediet som er mest nytta av folk. Også her er NRK størst. Kvar tredje nordmann over 13 nytta NRK sitt tekst-tv dagleg i 1998. Til samanlikning var det kvar fjerde innbyggjar som nytta TV 2 sine sider. Menn brukte tekst-tv atskilleg meir enn kvinner.

NRK hadde i 1998 eit vidt tilbod på tekst-tv, med innanriks- og utanriksnyheiter, sport, vermeldingar, trafikk meldingar, offentleg informasjon, kulturstoff, barnesider, m.m.

Tekst-tv har omlag 575 sider som vert oppdaterte dagleg. Inkludert undersidene er det samla talet tekst-tv-sider meir enn det dobbelte.



Talet på personar (i heile tusen) som har brukt desse sidene i løpet av ei veke.

Internett

Ambisiøse mål

Hovudansvaret for utviklinga av internetsatsinga i NRK vart i 1998 overført til Fjernsynet.

Målet er å verte ein av dei viktigaste leverandørane i det nasjonale internett-tilbodet. Dei mest omfattande satsingane må likevel vente til NRK får større økonomisk handlefridom. I første omgang vil tilboden i tekst-tv og via internett i stadig sterkare grad verte integrert. Det vert også arbeidd med å utvikle eit tilbod som er basert på det store potensialet som ligg i programproduksjonen og i arkiva. Hovudstrategien er å utvikle eit internett-tilbod med eit klart allmennkringkastarpreg.

Tilboden

NRK sine vefsider gav i 1998 internettbrukarane tilgang til eit breitt spekter av bedrifta sine tenester. Her kunne ein finne nyheter frå tekst-tv og høyre NRK sine nyheitssendingar i radio, lese distriktsendingane i radio som tekst og få tv-sendingane frå tre regionar som video. Ei meir omfattande nyheitsteneste på internett skal realiseraast i 1999.

Ei rekke sider inneholder informasjon om programma i fjernsyn og radio og har generell

informasjon om NRK. Mange program, både i radio og fjernsyn, har eigne vefsider med bakgrunnsinformasjon, høve til publikumskontakt og oversikt over e-postadresser.

Nye vefsider i 1998 var Migranett, der immigrantar frå Pakistan, Vietnam, det tidlegare Jugoslavia og Somalia får ein elektronisk møtestad. I tilknyting til Smørøyet-programma vart det oppretta ein eigen internettklubb for barn.

Dei nordiske sameradioane byrja i februar planlegginga av ein felles Saami Web med støtte frå Nordisk ministerråd. Vevstaden, som vart oppretta i november 1998 av NRK og Sveriges Radio, har samiske nyheter på fem språk. Han skal etterkvart verte kontaktpunkt for urfolk over heile verda. Saami Web planleggjer også eit kulturtildot og eit tilbod til samiske barn.

Ved årsskiftet hadde NRK sitt internett-tilbod nærare 40.000 sider. Omlag 100.000 leserar var innom sidene ein gong i veka i siste kvartal 1998.

Viktige internettadresser

<http://www.nrk.no>
<http://www.nrk.no/info/>

Publikum sitt kanalval

Alle med fjernsynsapparat kan ta inn NRK1. Førebelts kan 77 pst. av innbyggjarane ta inn NRK2. I 1998 var 80 pst. av alle nordmenn innom NRK kvar dag, enten gjennom radio eller fjernsyn.

Publikum si vurdering av NRK

Dei fleste, 83 pst. av radiolyttarane og 76 pst. av fjernsynssjåarane, var godt nøgde med NRK sitt programtilbod i 1998. 20 pst. meinte radiotilboden hadde vorte betre, medan 27 pst. meinte det same om Fjernsynet.

For Fjernsynet meinte 87 pst. av innbyggjarane at truverdet til NRK var svært godt eller ganske godt, medan 81 pst. karakteriserte NRK som påliteleg og 71 pst. som upartisk. Det siste var ein framgang frå 1997 på 5 prosentpoeng. 65 pst. meinte NRK hadde lukkast svært godt eller ganske godt i å sende program som dekte interesser og smak hos ulike grupper.

Fjernsynsmarknaden 1998


Den daglege sendetida har vokse jamt frå 1992 til 1996, for så å gå litt ned att i 1997. I 1998 auka sendetida att, og låg på 151 minutt. Dagleg såg 71 pst. av innbyggjarane på fjernsyn. 61 pst. såg på NRK og 54 pst. på TV 2.

Hovudtrenden frå 1997 til 1998 var at talet på sjåarar var stabilt, men at sjåarane nytta fleire kanalar og såg meir på fjernsyn. Auken i sjåartida var jamt fordelt mellom kjønna. Alle aldersgrupper såg meir på fjernsyn, bortsett frå dei mellom 20 og 34 år, der sjåartida gjekk nok ned. Dei yngre sjåarane gjekk til dei små kanalane og til dei nye media.


Marknadsdelar

Det var ei viss endring i forholdet mellom kanalane, men sjåarvanane endra seg ikkje dramatisk. Tendensen var at dei største kanalane tapte marknadsdelar og at tv-sjåinga difor vart meir fragmentert. Trass i at konkurransen auka ved at konkurrentane fekk betre dekning og at kanaltilboden auka, var NRK framleis marknadsleende.

Både NRK og TV 2 hadde omlag uendra sjåartid frå 1997 til 1998, men fordi den totale sjåartida auka, vart marknadsdelane reduserte. For NRK1 frå 40,8 pst. til 38,4 pst, og for TV 2 frå 31,4 til 30,2 pst. TVNorge og TV3 auka begge sin marknadsdel. TV3 låg likevel under nivået frå 1992. Det var "andre kanalar" som auka mest. Likevel var marknadsdelen deira lågare enn i 1992.



Marknadsdelar fjernsyn.



NRK1 primetime fredagar og laurdagar.
Rating i 1000.

Sjølv om NRK tapte noko i alle aldersgrupper, hadde NRK likevel størst marknadsdel i alle aldersgrupper, bortsett frå blant 12-19-åringane. Auken i NRK2 sine marknadsdelar kom først og fremst blant dei unge og i aldersgruppa 35-44 år.

NRK1 var også i 1998 den største kanalen alle vekedagar med ein gjennomsnittleg marknadsdel på 35 pst. på kvardagar og 42 pst. i helga.

Sjårvancane til dei unge

TV 2 fekk ein nedgang i aldersgruppa 12-19 år og blant 20-34-åringane. NRK låg uendra i desse aldersgruppene og TVNorge og TV3 fekk ein liten oppgang. Det er "andre kanalar" som trekkjer til seg dei unge, både når det gjeld kanalval og sjåartid.

Ungdom valde framleis noko oftare TV 2 enn ein av NRK-kanalane, men skilnaden hadde skrumpa inn frå 7 prosentpoeng i 1997 til 2 prosentpoeng i 1998. NRK har ein marknadsdel blant dei unge på 25 pst., medan TV 2 sin marknadsdel enda på 27 pst., ein nedgang på 8 prosentpoeng.

Barn sine sjårvananar

Barn aukar fjernsynssjåinga i takt med at dei vaksne aukar si. Auken kjem i form av at dei ser meir på TV 2 og "andre kanalar". NRK var

framleis den leiande barnekanalen med ein marknadsdel på 40 pst. i aldersgruppa 3-11. TV 2 hadde ein marknadsdel på 25 pst. i denne gruppa. På det tidspunktet Barne-TV vart sendt, hadde NRK ein marknadsdel på 85 pst. i aldersgruppa 3-11 år.


Lyting på radio

Ein gjennomsnittleg kvardag høyrd 70 pst. av innbyggjarane på radio, ein liten auke frå 1997. 48 pst. var innom NRK på kvardagar og 72 pst. i løpet av ei veke.

NRK Radio hadde i 1998 ein svak nedgang i marknadsdelen frå 60 pst. i 1997 til 59 pst. i 1998. P4 hadde ein uendra marknadsdel på omlag 30 pst., medan lokalradioane auka frå 10 til 12 pst.

P1 er den klart største radiokanalen i Noreg med ei dagleg oppslutning på knapt 1,4 millionar lyttarar. Frå 1997 til 1998 gjekk P1 ned frå 37 til 36 pst. i dagleg oppslutning, men kanalen har framleis ein sterk posisjon, også i internasjonal samanheng.

P2 hadde på ein gjennomsnittsdag 228.000 lyttarar (+ 1 pst.), Petre 420.000 som i 1997 og P4 vel 1.000.000 (+ 1 pst). Lokalradioane auka i samla oppslutning til 13 pst. (+ 3).



Marknadsdelar radio.

Teknologiskiftet

Digitale bakkenett for radio og fjernsyn
I februar 1998 tok NRK kontakt med Kulturdepartementet og tilrådde at det vert bygd ut eit digitalt bakkenett for distribusjon av fjernsyn. Sendarane bør matast dels via fastnett og dels via satellitt. Det gir eit visst høve til å motta både med mobile og berbare mottakarar, noko som er avgjerande når telefon, radio, data og fjernsyn meir eller mindre smeltar saman.

Overgangen til digital distribusjon vil krevje leige av parallelldistribusjon analogt og digitalt i mange år. Ein reknar med parallele sendingar i ti år for fjernsyn og i 15 år for radio. NRK kan ikkje dekkje dei ekstra leigekostnadene gjennom inntektene frå den ordinære kringkastingsavgifta. NRK ber difor departementet om å få tilført midlar for å dekkje ekstraavgifta, som kan verte på 1,7 milliardar kroner.

NRK si vurdering er at samfunnet vil vere tent med ein rask og omfattande overgang til digital teknologi. Det vart i løpet av 1998 ikkje teke noka politisk avgjerd, verken om finansiering, utbyggingstakt eller tekniske løysingar. Stortingsmeldinga om digitalt fjernsyn er venta våren 1999.

Konvergens

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal

vurdere endringar i tele- og kringkastingslovgjevinga på grunn av den raske teknologiske utviklinga på desse områda. I sin kommentar til Konvergensutvalet sa NRK at ein fri marknad rett nok kan vere ein viktig føresetnad for framsteg og innovasjon i det teknologiske skiftet vi no ser. Men NRK streka under at ein fri marknad har sine eigne lover og dynamikk. Den frie marknaden verkar sentraliserande og tenderer til å verte dominert av få og sterke aktørar. Han er dermed ikkje tilstrekkeleg til å ivareta samfunnsbehov som ikkje har kommersiell drivkraft.

Marknadskreftene sitt frie spel må difor vegast opp mot ei regulering ut frå samfunnsmessige interesser. Det vil vere behov for å vurdere aktørane sine rammevilkår, og NRK peika på at det trengst eit sterkt engasjement frå styremaktene si side. Det er behov for ordningar som sikrar at ingen utnyttar ein sterk finansiell posisjon til å gjere det vanskeleg for sjåarane å velje innhald.

For NRK er det heilt grunnleggjande at allmennkringkastinga skal gi alle eit breitt informasjonstilbod, fordi det er ein føresetnad for fullverdig deltaking i den demokratiske prosessen. Tilgangen til informasjon må difor ikkje vere avhengig av økonomisk evne og posisjon.

Nordisk samarbeid - Nordig

Nordig starta hausten 1997 som eit samarbeid mellom dei nordisk allmennkringkastarselskap og teleselskap om ein open og felles teknologi for digitalt fjernsyn. Målet for Nordig har vore å finne løysingar som gjer det mogleg å produsere dekodarboksar som kan motta via kabel, satellitt og eit framtidig digitalt bakkenett. Nordig vart i 1998 utvida med dei tre viktigaste private aktørane. Ein vart samde om dei tekniske spesifikasjonane for dekodarboksar for mottak av digitale tv-signal (hardware). Nordig arbeider vidare med å finne semje om ein felles standard for programvare.

Digital samisk radiokanal

Arbeidet med ein samnordisk samisk digitalkanal heldt fram i 1998 gjennom eit prosjekt som skulle førebu kanalstarten i løpet av 1999. Prosjektet har kartlagt verksemda ved dei tre sameradioane og har foreslått korleis den samiske DAB-kanalen kan etablerast.

Avtale med Canal Digital

NRK forhandla hausten 1998 fram ein åtteårig avtale med Canal Digital om digitalt fjernsyn i Noreg. Canal Digital er eigd av Telenor og Canal Plus. Samarbeidet omfattar mellom anna eit undervisningsprosjekt. Ved å opprette eit eige selskap skal det også utviklast ein

elektronisk programguide. Som ein del av avtalen tok Canal Digital over både den analoge og den digitale satellittdistribusjonen av NRK sine kanalar. Avtalen er eit ledd i NRK sin strategi inn i den digitale verda. Bedrifa ønskjer å spele saman med dei store og seriøse kommersielle aktørane for å kunne liggje i første rekke. NRK vurderer dette som heilt naudsynt for å sikre at allmennkringkastinga også i den digitale verda vert ein vesentleg aktør som kan oppfylle viktige kulturpolitiske målsetjingar.

Avtale om digitalt bakkenett for radio

Etter at Stortinget behandla meldinga om digital kringkasting våren 1998 og ga klarsignal for bygginga av eit digitalt riksdekkjande bakkenett for radio, gjekk NRK AS og Norkring AS i gang med forhandlingar om ein intensjonsavtale om digital lydkringkasting. Intensjonsavtalen slår fast at NRK har som mål å starte ordinære digitale radiosendingar, medan Norkring skal byggje ut eit digitalt sendarnett. Hovudprinsippet i avtalen er at NRK skal leige kapasitet i Norkring sitt sendennett. NRK har teke etterhald om at bedrifa får tilført dei nødvendige midla frå eigaren, Staten. Ein million menneske kunne teke inn digitale sendingar i 1998, dersom dei hadde hatt digitale mottakarar. Dei første masseproduserte mottakarane kom på marknaden

hausten 1998, men salet vil neppe ta av før prisen ligg på omlag det same nivået som dei analoge apparata har i dag. NRK skal disponere 4/6 av kapasiteten i det riksdekkjande digitale bakkenettet.

Digital utviklingsavdeling for radio
NRK ligg framleis i tet i internasjonal samanheng når det gjeld utvikling og førebuing til digital produksjon og distribusjon for radio. Dette utviklingsarbeidet vart i 1998 samla i NRK Futurum, som er utviklingsavdelinga i NRK Radio. Avdelinga skal vere ein spydspiss inn i den digitale framtida og sikre ein smidig overgang til digital radio. NRK Futurum skal også utvikle kanaltilbod som kan utnytte den samla programproduksjonen i Radioen betre og utvikle nye lydradioprodukt.

Det er sett i gang eit planleggingsarbeid for å opprette ein prøvekanal med P1 utan distriktssendingar. Formålet er å teste ut programsetting av eit framtidig P1, slik kanaLEN vil kunne verte når det vert oppretta eigne DAB-kanalar for distriktssendingane.

Digitalt produksjonsutstyr

I Petre vart det sett i gang eit prøveprosjekt med 14 arbeidsstasjonar med harddisk avviklings- og redigeringssystem. Dette er eit

journaliststyrt produksjons- og avviklings-system som skal spare arbeid, men også gi betre radio og større nærleik mellom programskapar og produkt. Radioen tok i 1998 i bruk verdas første digitale reportasjeutstyr utvikla av NRK i samarbeid med Vestfold-selskapet Jotron og SND. Fleire land har meldt interesse for utstyret, som i første omgang skal brukast i Oslo- og Drammensområdet.

Digitalisering av programarkiva

Arbeidet med å planleggje og prosjektere digitalisering av programarkiva i NRK heldt fram i 1998. Digitalisering er naudsynt, både for å redde analogt materiale som smuldrar opp, og for å kunne utnytte eit rikt programmateriale i dei digitale media i framtida. Prosjektet er svært arbeids- og ressurskrevjande. NRK samarbeider nært med Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana om digitalisering og overføring av Radioen sitt programarkiv til Mo. Dette samarbeidet kom for alvor i gang i 1998. Det vert arbeidd med ein tilsvarende samarbeidsavtale for Fjernsynet.

Føresetnaden for gjennomføringa er at NRK får økonomisk støtte utover lisensen. NRK har teke dette opp med Kulturdepartementet og reknar med at prislappen kjem på 200 millionar kroner.

Frekvensar for digitalt fjernsyn

Ein viktig føresetnad for at digitalt bakkesendt fjernsyn skal verte ein suksess, er tilgang på frekvensar. I Noreg er mesteparten av frekvensressursane nytta til analogt fjernsyn, slik at det i starten berre vil vere mogleg med to frekvenskanalar for digitalt fjernsyn. Kvar

frekvenskanal har normalt plass til 3-4 fjernsynsprogram. Det kan vere mogleg å få plass til ytterlegare ein kanal i frekvensområdet over kanal 60, som i dag ikkje vert nytta til kringkasting. Men først når dei analoge kanalane som finnест i dag vert lagde ned, er det mogleg med ei større utviding.

34

Forretningsdrifta

Datterselskapet NRK Aktivum

1998 var det første heile driftsåret for NRK Aktivum. Manglande avklaring rundt dei politiske rammevilkåra har prega selskapet og ført til at resultatet for 1998 fekk eit noko større underskot enn det var budsjettert med. Det er difor knytt store forventningar til NRK Aktivum, dersom forslaga til nye politiske rammevilkår vert vedtekne i løpet av 1999.

Rammene for NRK si forretningsverksemnd

Arbeidet med forretningsplanen til NRK Aktivum gjorde det klart at NRK trong ei utviding av handlefridomen for å kunne sikre konkurranseevna til selskapet og høvet til å utvikle seg vidare. Dei noverande reglane hindrar NRK i å inngå nødvendige alliansar med kommersielle aktørar når det gjeld distribusjon, innhaltsproduksjon og program-/senderettar. Dette vil kunne svekke stillinga til NRK som allmennkringkastar i det nye medie-landskapet.

Statens medieforvaltning vedtok i oktober å påleggje NRK å slutte å formidle informasjon i tekst-tv fra Rikstrygdeverket, Arbeidsdirektoratet, Forsvaret og andre som betalar eit kostnadsbasert vederlag for spreieing av informasjon. Medieforvaltninga viste til at dette var reklamesendingar. Vedtaket aktualiserte behovet for å få avklart kva rammevilkår NRK skal

arbeide under i framtida. NRK sitt krav om at klagen skulle få utsetjande verknad, vart teke til følgje.

Styret i NRK hadde allereie i februar vendt seg til Kulturdepartementet og bede om at det vart gjort endringar i kringkastingslova og i NRK sine vedtekter som ville gi NRK nye og friare forretningsmessige rammer.

Kulturdepartementet sine forslag til endringar i kringkastingslova, som vart lagde ut til høyring i desember, imøtekjem langt på veg dei behova NRK har. NRK støttar difor departementet sine vurderingar og forslag.

NRK reiser i si høyringsfråsegn spørsmålet om det er tenleg å setje opp særlege skrankar for spesielle forretningsområde. Det vil vere ei slik skranke å gjere det til ei eksplisitt plikt for generalforsamlinga å søkje løyve frå Stortinget til å eige, drive eller ha eigardelar i reklamefinansierte fjernsyns- eller radiokanalar.

Arne Wam gjekk hausten 1998 av som direktør for NRK Aktivum.

Forretningsområda til NRK Aktivum

NRK Aktivum har i 1998 utvikla og reindyrka dei fire forretningsområda sine.

35

Området **Interaktivum** utvida verksemda. Det er knytt store forventningar til dette området, som reknar med ei vidare utviding av områda betal-tv, tekst-tv og interaktive telefontenester. I 1998 vart det inngått ein avtale med Telenor om sal av nyheiter til mobiltelefonar. Dette området inkluderer også arkivsal, som i 1998 gjekk svært bra.

Området **Produkt** har etter ein forsiktig start konsentrert rundt videosal styrkt posisjonen sin, og utvida produktporfeføljen med lydbøker og musikkutgjevingar. Tida er brukt til å etablere gode distribusjonsavtalar med landsdekkjande distributørar. Det vart inngått 194 kontraktar om sal av fjernsynsprogram til 35 land. Hovudtyngda var dokumentar- og barneprogram. Serien "Vannets historie", som var den største suksessen, vart selt til 18 land.

Området **Programsal** har selt fjernsynsprogram frå NRK og frie produsentar på den internasjonale marknaden. Men verksemda er også utvida til å gå inn i rolla som co-producent for norske produksjonar, som t.d. kinofilmen og fjernsynsserien "Ole Aleksander Filibom-bom-bom".

Området **Arrangement** arrangerer festivalar og arrangement som er eigna for dekning i radio og fjernsyn. Eit viktig arrangement var VM-festen i Oslo Spektrum, der NRK sine rettar vart utnytta til å skape ein stor folkefest. Området har ei rekke langsiktige prosjekt som ein ønskjer å realisere i 1999.

Organisasjonen har ein ressursmessig tyngde i dei tradisjonelle områda. Det er forventa at NRK Aktivum skal inn i nye område, og det målretta arbeidet for å byggje opp kompetanse på desse områda held fram.

[Andre eigarinteresser](#)

NRK hadde i 1998 aksjepostar i m.a. følgjande selskap:

Sendeselskapet Norkring, der NRK hadde 60 pst. eigardel, og Nettnytt AS som NTB og NRK eig i fellesskap. NRK hadde 50 pst. av aksjane i Nettnytt AS, som sel riksnyheiter til mellom anna lokalradioar. NRK har i tillegg eigarinteresser i NTB og i fjernsynskanalen Eurosport.

Organisasjon

I 1998 vart dei omfattande organisatoriske endringane som styret vedtok i 1997 sette i verk. Omlegginga tok sikte på å auke produktivitet og effektivisere kostnadene. Samtidig var målet å styrke posisjonen til NRK i ein vanskeleg og raskt skiftande konkurransesituasjon og førebu produksjonsapparatet på større grad av fleirmedial programproduksjon og synergiumsyntting.

1998 har vore prega av arbeidet med å smelte saman ulike produksjons- og programmiljø og byggje opp funksjonelle organisasjonar. Førebuingane til innføring av intern handel og nye økonomisk/administrative støtessystem har ført bedrifta gjennom ein djuptgripande lærings- og endringsprosess i arbeidsmåtar og tankegang.

Distrikts- og Nyheitsdivisjonen

Målet med å samle NRK sine distriktskontor og nyheitsavdelingane i radio og fjernsyn var å danne eit fagleg og ressursmessig grunnlag for ei mangfaldig og differensiert nyheits- og aktualitetsavdeling på riks- og distriktsnivå. Den nye driftsorganisasjonen fekk ein heilt ny struktur basert på sendeflateansvar, fagredaksjonar og produksjonsressursar. Divisjonen er organisert med fleirmediale einingar, slik at produksjonsressursane for dei ulike media no er samla i felles avdelingar og redaksjonar. Driftsorganisasjonen var på plass ved årsskiftet 1998/99.

[NRK Ressursar](#)

Målet med å samle dei tekniske produksjonsressursane og dei interne støttetenestene i ein divisjon var å synleggjere kostnader og bidra til meir økonomisk ressursbruk. Omorganiseringa har allereie gitt resultat i form av reelle kostnadsreduksjonar.

I tillegg til å få sjølve organisasjonen på plass var det i 1998 ei hovudoppgåve å utarbeide og kalkulere ein detaljert produktkatalog over tenester som det skal innførast internhandel med frå 1.1.1999. Det har gitt eit godt grunnlag for vidare kunderetting og brukarpåverknad av tenestene.

[Nye bygg](#)


I 1998 vart bygginga og ombygginga av nyheitshuset og fjernsynshuset på Marienlyst påbyrja med sikte på å samle alle nyheitsressursane i løpet av hausten 1999. Den planlagde oppføringa av eit kontorbygg til erstatning for brakkene på Marienlyst er utsett i påvente av at Oslo kommune skal behandle byggeplanen til NRK.

I distrikta vart det opna fleire nybygg. NRK Rogaland, NRK Østfold og NRK Nordland flytta inn i nytt bygg tilpassa framtidig programproduksjon. I fleire fylke vart det opna lokalkontor.

I Karasjok kom bygginga av eit nytt fjernsynshus for Sámi Radio i gang. Bygget vil gi produksjonskapasitet til daglege samiske nyheitssendingar og høve til å lage studioproduksjonar.

Bemanning

Ved utgangen av 1998 hadde NRK 3.373 fast tilsette omrekna til heile årsverk mot 3.370 i 1997. Utviklinga innanfor sende- og programrettar auka behovet for høg juridisk kompetanse internt i bedrifta og det vart oppretta ei stilling som juridisk direktør.




Talet på tilsette

* 424 i nyheitsredaksjonane i Oslo og Trondheim, 905 ved distriktskontora

Stillingsfordeling

Kjønn	
Kvinner	1442
Menn	1931



Leiinga

Leiinga i NRK bestod i 1998 av:
 Kringkastingssjef Einar Førde
 Radiodirektør Tor Fuglevik
 Fjernsynsdirektør Hans Tore Bjerkaas
 Distrikts- og nyheitsdirektør Tom Berntzen
 Sameradiosjef Nils Johan Heatta
 Økonomi- og finansdirektør Kjersti Nordtveit
 Ressursdirektør Arild Hellgren
 Personal-og org. direktør Einar Li
 Informasjonsdirektør Hanne Løchstøer
 Juridisk direktør Olav Nyhus

Styret bestod i første halvår 1998 av :

Trygve Ramberg, leiar
 Vigdis Moe Skarstein, nestleiar
 Nils Tore Andersen
 Lillian Fjellvær
 Wenche Folberg
 Geir Helljesen
 Tove Karoline Knutsen
 Odd Nordhaug
 Elisabeth Wille

Nytt styre vart oppnemnt frå 1.6. 1998 og består av:

Kåre Willoch, leiar
 Vigdis Moe Skarstein, nestleiar
 Nils Tore Andersen
 Tove Bull
 Holger Gulbrandsen
 Geir Helljesen
 Per Ravnaas
 Sigrid Straand
 Lars Velsand

Kringkastingsrådet

Kringkastingsrådet har i 1998 bestått av:
 Ivan Kristoffersen, leiar
 Johan Buttedahl, nestleiar
 Kristin Clemet
 Laila Dåvøy
 Inga Ravna Eira
 Ketil Jarl Halse
 Trond Jensrud
 Nita Kapoor
 Kjellbjørg Lunde
 Geir Mo
 Anne Kathrine Slungård
 Heikki Holmås
 Dag Arthur Aasbø